



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Avdeling for videregående opplæring
Seksjon for kvalitet og utvikling

Ref.

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref. 14/1984-2
B65/MYHN
Dato 04.06.2014

Høyring - forslag til endringar i privatistavgifta

Vi viser til Kunnskapsdepartementets brev av 22.05.14. Hovudutval for kompetanse i Telemark fylkeskommune behandla saka i møte 03.06.14, sak 39/14 Høyring – forslag til endringar i privatistavgifta.

Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak: *Hovudutval for kompetanse gir sin tilslutnad til dei vurderingar som er gjort i saka, og bed om at desse blir sendt Kunnskapsdepartementet.*

Saksframlegget med fylkesrådmannens vurderingar leggast derfor ved som høyringssvar frå Telemark fylkeskommune.

Med venleg helsing

Nils Thorbjørn Myhren
rådgjevar - Seksjon for kvalitet og utvikling
nils-thorbjorn.myhren@t-fk.no

Vedlegg:
Saksframlegg Høyring – forslag til endringar i privatistavgifta



Saksframlegg

Høyring - forslag til endringar i privatistavgifta

Arkivsaksnr.:14/1984
Arkivkode:B65

Saksbehandlar:
Nils Thorbjørn Myhren

Behandling i:
Hovudutval for kompetanse

Forslag frå fylkesrådmannen

Hovudutval for kompetanse gir sin tilslutnad til dei vurderingar som er gjort i saka, og bed om at dette blir sendt Kunnskapsdepartementet.

Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i privatistavgifta på ei avgrensa høyring, mellom anna til fylkeskommunane, sjå vedlegg. Høringsfristen er 20.06.14.

Bakgrunnen er ei undersøking som Utdanningsdirektoratet gjennomførte på oppdrag frå kunnskapsdepartementet i 2012.

Departementets forslag går ut på å heve avgiftssatsane for å dekkje fylkeskommunane sine kostnader ved avvikling av privatisteksamen, samt å innføre større grad av differensiering for forbettingsprivatistar i forhold til kor mange gonger tidlegare privatisten har tatt eksamen i same fag. Som alternativ til slik differensiering, vurderer Departementet å halde på dagens system med to satsar, men å auke desse til kr. 1 000,- for førstegongsprivatistar og kr. 2 000,- for forbettingsprivatistar.

I tillegg vurderer Departementet å innføre eit gebyr ved manglande frammøte, for dei som har meldt seg opp til privatisteksamen.

Saksopplysningar

Saka kan enkelt illustrerast gjennom ei anna sak som Hovudutval for kompetanse har fått på bordet i møtet 03.06.14; sak 31/14 Justering av budsjett innan ansvar vidaregåande opplæring 2014:

«*Privatistar:
Ansvaret 2251 Privatister hadde i 2012 ein nettokostnad på kr 1,5 millionar og i 2013 1,65 millionar. Inntektene er knyte til sentrale satsar for privatistar. Det er teken opp med sentrale styresmakter at eigendelen privatistane betaler, bør justerast. Kostnadene ved avvikling av privatisteksamen er vesentleg høgare enn inntektene. Erfaringa frå tidlegare visar at budsjettet for 2014 treng tilførsle av midlar. Ei styrking med kr 950 000,- for 2014 er nødvendig. Til ny ramme for 2014 på 1,734 millionar.»*

Utan å gå djupare inn på det som gjeld Telemark fylkeskommune spesielt, viser dette at privatistordninga i dag er underfinansiert, også i Telemark.

Vidare viser sjølve høyringssaka at Kunnskapsdepartementet har sett behovet for å auke satsane frå kr. 403,-/826,- til kr. 1 000,-/2 000,-. Departementet opererer med gamle satsar, 367,-/752,-, men hovudpoenget er heving av satsane.

Når det gjeld forbettingsprivatistar, legg Departementet fram to alternativ som dei ønskjer at høyningsinstansane skal ta stilling til:

1.	Ei gradering av satsen, aukande for kvar gong privatisten meldar seg opp: Kr. 1 800, 2 000,-, 2 200,-.
2.	Ein fast sats som er lik for kvar oppmelding: Kr. 2 000,-.

Kunnskapsdepartementet ser og på ein auke i gebyra som eit verkemiddel for å få fleire til å møte på eksamen. Slik det er i dag, er det mange som ikkje møter. Men på den andre sida har dei som ikkje møter, betalt. Telemark fylkeskommune praktiserer ikkje tilbakebetaling, bortsett frå ved dokumentert sjukdom. Derfor tapar fylkeskommunen vanlegvis ikkje på dette.

Avmelding har fylkeskommunen derimot meir kostnader med. Sakshandsaming knytt til dette er betydeleg. Eventuell tilbakebetaling skjer ikkje automatisk, men etter skjøn i forhold til regelverket.

Vurdering frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er nøgd med at Kunnskapsdepartementet ser at fylkeskommunane har nettokostnader knytt til privatistordninga, som ikkje blir kompensert, og at Departementet arbeider med å auke satsane.

Fylkesrådmannen finn at ein sats på kr. 1 000,- i oppmeldingsavgift for førstegongsprivatistar og kr. 2 000,- for forbettingsprivatistar, ikkje er ein urimeleg økonomisk byrde for det det gjeld. Samstundes er satsen vonleg så pass høg at det kan føre til ein større grad av forplikting for dei det gjeld.

Når det gjeld spørsmålet om satsane for forbettingsprivatistar skal aukast for kvar oppmelding eller ikkje, vil fylkesrådmannen rá til å velje den enklaste ordning. Det enklaste er å berre operere med ein sats; kr. 2 000,- per oppmelding. Ei ytterlegare differensiering vil føre til meir arbeid og moglege feil.

Dei nye satsane må justerast årleg. Det er grunn til å minne om at Departementet allereie i utgangspunktet opererer med gamle satsar, kr. 367,-/752,- og ikkje kr. 403,-/826,- som er gjeldande sats.

Fylkesrådmannen ser ikkje at det er behov for å ta gebyr for manglande frammøte, sidan Telemark fylkeskommune ikkje praktiserer tilbakebetaling av oppmeldingsavgift, bortsett frå ved dokumentert sjukdom. Oppmeldingsavgifta fungerer i praksis som eit gebyr, og slik bør det fortsatt være, også med høgare satsar.

Vedlegg:

Høring – Forslag til endringer i privatistavgiften, brev frå Kunnskapsdepartementet av 22.05.14, med høyringsnotat